

Årsmelding fotballgruppa 2013.

Eg, Yngve Gjelsvik, overtok som leder i fotballgruppa våren 2013. Styret har bestått av meg, Maria Færø, Ernst Tvedt og Per Arne Dalland.

Aktiviteter:

Fotball-lotteri, dugnad på bana som ordning av nett og mål, kosting og rydding rundt bana, grusa området rundt fotballbana, bossplukking m.m.

Elles har ein organisert internserien og arrangert vår- og haustcup for miniputtar, ordna med spelarovergangar, hatt samarbeid med Sport 1, Åsane Senter, om kjøp av utstyr, søkt om treningstider for vinteren i Nordhordlandshallen for ymse lag og deltatt på fordelingsmøte, samarbeidd med NBK om samarbeidslag, tinga premiar og ordna med påmelding av lag i fotballkretsen til ny sesong, m.m.

Det som da har skjedd er fotballkamper og en minicup. Det vart og arrangert fotballotteri, med ein kjempe innsats av alla laga!!

Me planlegg eit klubbdommerkurs før sesongstart i 2014.

Sportsleg aktivitet.

13 lag har vore med i ymse seriar og turneringar denne sesongen fordelt på desse gruppene :

- Ungdomsfotball: Jenter 11, G11 lyn, G11 orkan, G12, J13, G14, J16, G16 og J19.
- Internserien:7 – 9 år: Ostereidet 2002, Ostereidet 2003/04, Eikanger 2003/04/05, Jenter 2003/04/05, Leknes 2004/2005.

Det har ikkje vorte noko A-lag denne sesongen grunna for lite spelarar.

Styret har fungert brukbart gjennom sesongen. Ting har gått stort sett etter planen, og me har hatt ein god sesong i fotballgruppa. Ting gått sin vante gang takket være engasjerte trener og foreldre. Vil sei takk for eit bra år og takk for god hjelp. Trenarar har vore tolmodig med oss og det er me glade for 😊 og med det sei takk for meg!!

Mvh

Yngve Gjelsvik